



Nissedal, 17.11.21

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Middelthunsgt. 29
0368 Oslo

Bjønntjønn kraftverk og pumpestasjon – Juvåna, Nissedal.

Naturvernforbundet i Vest Telemark (NVVT) har fylgjande innspel i saka.

Innleiing:

Vi viser til den biologiske mangfaldrapporten – utført av FAUN.

Det er gjort funn av raudlisteartar og viktige naturtyper. Vi vil framheve funn av **bekkekløft** som spesielt viktig i saka. Her meiner **NVVT** det er potensiale til ytterlegare funn av viktige og sårbare artar.

NVVT vil også vise til **samla belastning** i dette området. **Bjønntjønn/Juvåna** ligg i eit område med massiv hytteutbygging, som ligg kloss opp til, og rundt Bjønntjønn og Juvåna. I tillegg er det føretekje vasskraft utbygging oppstrøms i same vassdrag tidlegare. Dette er høgst relevant fakta, som **NVE er sett til å hensynta.**

Bekkekløft:

NVVT vil vise til eit sitat frå ansvarleg og utførande kartleggar i firmaet FAUN: På side 24 i rapporten står det:

Sitat frå Ole Roer/FAUN: «...*begrensing i eigen artskunnskap...*»

Som **NVE** vil sjå, er detta konkret knytta opp mot bekkekløft, og manglande kunnskap om mose og lav, som ein nettopp kan finne i bekkekløft.

Med andre ord så er den biologisk mangfald rapporten ufullstendig. Av den grunn så må **NVE avslå denne søknaden om konsesjon/utbygging.**

NVE vil også sjå at det er innslag av gamle tre og daud ved nært til bekkekløfta.

NVVT meiner at det definitivt er potensiale for ytterlegare funn av sårbare artar.

Vi vil også vise til **Lårdalsåi – saka**, bekkekløft vart i den saka konkludera som **lokalt viktig naturtype**. Desse to vassdraga er sammenlignbare i storleik, samt at dei er viktige for naturen i sitt område. Dvs. dei er av dei siste restane av naturleg rennande vassdrag i kvart sitt område i **Vest Telemark**. Denne regionen er prega av både storstilt vasskraft utbygging, og eit utal av småkraftverk.

Kan også minne om at alle elveløp er vurdert til nær trua i Norsk raudliste (2011).

Samla belastning:

Samla belastning, som også er del av den heilsaplege vurderinga NVE er pålagt å gjere, **er massiv i dette området.**

Dette i form av store områder med høgstandard hytter, og fleire store planar for fortetting av gamle hyttefelt. Dette medfører store inngrep.

Vi kan nevne: Vegar, vass og kloakkutbygging gjennom myrområder og fjell mm. Dette finn vi kloss inntil og rundt Bjønntjønn – og samanhengande vidare innover heia.

Tidlegare vasskraft utbygging rett oppstøms Bjønntjønn (Skogbu), må også nevast. Samtidig har desse områda tidlegare vore svært belasta med sur nedbør – det har igjen medført til kalking i stort omfang, som naudhjelp til vassdraga, for å få fisken tilbake. Med andre ord – vi har for lengst gått over grensa for kva naturen kan tåle.

Det er heva over ein kvar tvil, at samla belastning er nådd i dette området!

Viss ikkje nå, så kva må til før vi når grensa for samla belastning?

Konklusjon:

**NVVT meiner NVE må avslå denne søknaden om konsesjon.
Ulempen/kostnaden er langt større en nytta av denne utbygginga.
Kraftproduksjonen ved denne utbygging er begrensa – sett opp mot kor viktig Juvåna er for naturen i eit område som allereie er under eit kraftig utbyggings-/nedbyggingspress.**

Helsing

Torfinn Sanden
Leiar – Naturvernforbundet i Vest Telemark